

Den norske medieframstillinga om ein brå overgang frå krig

Ei fantastisk god



Roy Krøvel

MED ANDRE ORD

Me feirar den norske innsatsen for ein fredsavtale. Og me deler vonbrotet til «folket» i Colombia over at nei-sida vann i folkerøystinga. Men heldigvis har Nobelkomiteen «lagt press på partane» slik at draumen om fred kan leve vidare. Slike forteljingar må lyde kjent for dei som greier å hugse tilbake til fredsprosessane i Guatemala, Midtausten, Sri Lanka og Sudan.

TV 2 Nyhetskanalen laga nyleg eit innslag om minerydding og fredsprosess i Colombia basert på bilete frå ein norsk dokumentarist hyra av Norsk Folkehjelp (sendt søndag 16. oktober). Utgangspunktet var det viktige arbeidet Folkehjelpa gjer for å rydde vekk miner i Colombia. Dei reddar liv med denne innsatsen, og ynskjer, forståeleg nok, å vise fram arbeidet sitt. TV 2 har sjølv sagt ynskje om å fortelje ei fantastisk god historie, som programleiaren sa i studio då innslaget vart vist.

Slik sett var det mange som hadde vore med på å forme og skape den forteljinga som me sjåarar fekk sjå på skjermen. Alle med sine interesser. Det er eit bra døme på den kollektive prosessen som produserer vår felles forteljing om krig og fred i verda.

Men det endelege produktet var så prega av rare påstandar og snurrige påfunn at det mest medverkar til å gjere oss alle litt meir einfaldige. Reportasjen byrjar med reisa inn i skogen, der forteljarstemma vil ha oss til å tru at teamet frå Norsk Folkehjelp ikkje visste at signeringa av fredsavtalen var rett rundt hjørnet. Eg forstår at reisa lyt framstillast mest mogleg dramatisk, men det er vanskeleg å tru at Norsk Folkehjelp reiser inn i geriljakontrollert område utan å ha sett seg godt inn i situasjonen.

Dramatikken aukar når dokumentaristen fortel at dei møtte geriljasoldatar frå Farc i landsbyen. Han seier at han sov «med ein kniv under puta» den fyrste natta. Ærlig talt. Eg vonar at ingen byrjar å tru at det er lurt å sove med ein kniv under puta dersom ein skulle kome i ein

FAKTA

Fred i Colombia?

- Folkerøystinga om fredsavtalen i Colombia 2. oktober enda med eit knapt fleirtal mot avtalen.
- I denne teksten argumenterer Roy Krøvel for at norske medium ikkje forsøker å forstå eller forklare kvifor det vart nei i folkerøystinga.
- Fredsprosessen har vore styrt av elitane, medan folkelege organisasjonar måtte sitte på sidelinja, meiner han.
- Det lovande med fredsprosessen er likevel at den synte fram sprekkar i den colombianske høgresidas forklaring på krigen, der opprørarane berre var kriminelle og kommunistar, skriv Krøvel.

Om forfattaren:

- Roy Krøvel er professor i journalistikk. Han har arbeid med Colombia i meir enn 20 år, som journalist og forskar. Han treffe mellom anna Farc i samband med fredstingingane i 1998.

liknande situasjon. Sjølv førestillinga om å forsvare seg med ein kniv mot godt trene geriljasoldatar med automatvåpen er berre uvettig myteskaping. Det norske teamet fekk sove i fred i same landsby som Farc fordi Farc ville det slik. Men røyndomen vart kanskje litt for keisam for narrativet?

Reportasjen inneheld også eit anna klassisk Hollywood-grep: Sjølv vendepunktet, då alt endra seg, nemleg signeringa av fredsavtalen. Hadde det ikkje vore for at denne reportasjen er så typisk for norske forteljingar om krig og fred i Colombia, Guatemala, Midtausten, Sri Lanka, Sudan et cetera, så kunne me vel ha oversett slike problem og manglar.

Det mest problematiske er det som ikkje blir sagt. For det fyrste spelar colombianarane berre rolla som statistar i forteljinga om nordmenn i Colombia. For det andre inneheld reportasjen ingen freistnad på å forstå eller forklare kvifor det vart nei i folkerøystinga. Reportasjen hoppar lett frå vonbrotet over folkets nei til norske stemmer som får sette det heile i perspektiv. Utanriksminister og nobelkomité klippast inn for å vende blukka våre framover mot den draumen at fredsprisen kan føre til fred i Colombia.

Det er som om Colombia ikkje finst. Colombia, med sin natur, sine ressursar, kultur, mangfald, litteratur, sosiale organisasjonar, urfolk og afrocolombianske folkegrupper, men også med konflikt, maktsjuka elitær og økonomiske interesser som



utplyndrar fattigfolk. Det spelar liksom inga rolle. Me trur det er Colombia me ser på. Men i røynda er det berre ein spegel som me held opp.

Er det ikkje litt underleg at så få no snakkar om årsakene til krigen? Rett nok er krig med alt sitt elende «meningslaust», men det betyr ikkje at det ikkje finst årsaker og grunnar som me lyt freiste å forstå. Så her er nokre framlegg til ein diskusjon om årsaker og grunnar til hendingsane i Colombia:

Vil me forstå kvifor fleirtalet stemte nei til fredsavtalen, lyt me byrje med å sjå på manglande deltaking i demokratiske prosessar. Kvifor deltok berre 40

«Er det ikkje litt underleg at så få no snakkar om årsakene til krigen?»

prosent i ei folkerøystinga som skulle vere den viktigaste politiske hendinga på ein heil generasjon?

Nei-sida vann fordi så mange av dei som kan medverke til å bygge ein verkeleg fred i Colombia, følte seg uteestengde. Sjølv prosessen bak avtalen var eit problem. I fredsprosessen var det

til fred i Colombia ignorerer fredsinnsetningen på grasrotplan.

God historie



ELITEAVTALEN: Eit fleirtal av colombianarane stemte mot fredsavtalen mellom regjeringa og Farc-geriljaen som vart framforhandla på Havana i september i fjor. Her tar president Juan Manuel Santos Farc-lederen Timoleon Jimenez i handa.

FOTO: LUIC ACOSTA, AFP/NTB SCANPIX

å bygge opp igjen den falske myten i svart-kvitt om krigen i Colombia. No har dei fått ein gyllen sjanse. Dersom det internasjonale samfunnet pressar på for nye samtalar på Cuba, kan ein Uribe lukkast med å flytte visjonen om fred inn på sitt territorium. Då går det fort som i Guatemala, Midtausten og Sudan.

Me kan lære av fredsprosane i Guatemala, Midtausten, Sør-Sudan og Sri Lanka at både krig og fredsprosess produserer sine leiarar. Det er dei som får æra når avtalar skal signerast. Men dei har sjeldan synt seg godt egna som leiarar på vegen mot meir fredfylte samfunn.

Dersom Colombia ein gong skal kunne verte eit fredelig samfunn, så er det miljøaktivistar, pressefolk, kvinneorganisasjonar, urfolksorganisasjonar, nabolagskomitear og alle dei andre i det yrande sosiale livet av aktivistar og organisasjonar som lyt byggje det. Godt styresett kjem ikkje av seg sjølv, innført frå toppen og ned, men lyt kjempast fram av grasrotorganisasjonar nedanfrå. Det som trengst no, er internasjonal stønad til dei folkelege prosane for fred som går føre seg på grasrotplan i Colombia. Det er dei som lyt lage nye framlegg til ein avtale for fred, ikkje partane i Havana.

Tilbake til innslaget på Nyhetskanalen. Me vil så gjerne ha forteljingar der «gode» står mot «vonde». Forteljingar med kvasse vendepunkt frå mørke til lys. Men ein fredsavtale er sjeldan eit slikt kvast vendepunkt. Ein fredsprosess kan like gjerne sjåast som ein del av krigens eigen logikk. To tiår etter fredsavtalane i Midtausten og Guatemala ser me at fredsavtalar i seg sjølv ikkje markerer noko avgjerande steg på vegen mot eit samfunn i fred, sjølv ikkje etter at Nobelkomiteen har delt ut sine prisar.

Denne førestillinga om ein brå overgang frå krig til fred, ein fredsavtale som inngangen til ei heilt ny fase, er i seg sjølv eit problem, ei mistyding som skuggar for analysen. I staden treng me desperat alternative visjonar for fred og rettferd som let folkelege organisasjonar spele ei meir aktiv rolle enn som støttespelarar for diplomatar og politisk elite.

i hovudsak dei væpna partane som tinga om korleis Colombia etter fredsavtalen skal sjå ut.

Rett nok fekk friviljuge organisasjonar kome til orde mot slutten, men det var vel mest for å konstruere ei kjensle av folkeleg deltaking. Mange av mine colombianske vener i organisasjonslivet kjende det mest slik at dei var tekne som gisjel for å sikre eit fleirtal for ein avtale som ikkje var deira.

Folkerøystinga lærer oss fyrst og fremst noko om grensene for elitestyrte fredsprosessar der folkelege organisasjonar mest må sitte på sidelinja.

Det mest lovande med fredsprosessen var at den synte fram sprekkar i den monolittiske colombianske høgreforklaringa på krigen. Fram til nyleg insis-

terte det offisielle Colombia på eit absolutt skilje mellom «oss» og «dei andre», mellom colombiansk politi og hær på den eine sida og Farc og ELN på den andre. «Dei andre» var kriminelle, lovbrutarar, kommunistar, og av ein heilt annan kategori enn «vi».

Fredsprosessen viste at nokre innanfor maktapparatet hadde byrja å meine at skilnaden kanskje ikkje var så uendelig stor, likevel. Ein kunne skimte sjølvkritisk refleksjon av den typen som kanskje kunne ha ført til ei slags forsoning.

Men mangelen på folkeleg deltaking i fredsprosessen gjorde at høgrekraftene no får høve til å snevre inn rommet for kritisk sjølvrefleksjon. Det er denne budskapet dei colombianske sendeboda tek med seg tilbake til Havana.

Diverre får den ekstreme høgresida sitt syn feste seg i mediebiletet her heime og internasjonalt. The Economist (15. oktober) skriv til dømes om eit «gap i oppfatning» mellom folk flest i Colombia og det internasjonale samfunnet. Ifylgje denne versjonen skal folkerøystinga vise at colombianarane krev strengare straffer for Farc før dei vil gå med på ein fredsavtale. Me har sett mange slike analysar dei siste vekene.

Men analysen overvurderer styrken til høgrekraftene. Det er nokså tvilsamt om desse høgrekraftene vil greie å få stor stønad om sin visjon for fredsavtale ved ei framtidig folkerøysting.

Dei ekstreme høgrekraftene har naturlegvis både økonomiske og andre personlege interesser av